

**Til stades:** Per Øyvind Tveiten - leiar, Mari Skeie Ljones – nestleiar  
Helene M. Bolstad - nestleiar, Olav Mjelva, Hilde Reitan, Jan  
Heier  
  
Gro Marie Svidal - 2.vara, Gudrun Folkedal - 3.vara (kom til sak  
2013/44).

**Tid:** **Fredag 14.juni kl.10-17**

**Stad:** **FolkOrg sine lokale på Schous**

## **Referat**

- Styresak 2013/39 Innkalling og sakliste**
- Styresak 2013/ 40 Presentasjon av det nye styret**
- Styresak 2013/41 Orienterings-, drøfting- og referatsaker**
- a) **Drifts- og økonomirapport**
  - b) **Invitasjon til jubileumskonsert i Eiker spelemannslag**
  - c) **Kort orientering frå Norsk Rockforbund**
- Styresak 2013/42 Ny stønadsordning gjennom FolkOrg – framlegg til retningsliner**
- Styresak 2013/43 Søknad frå Strunkeveko og Mokurset**
- Styresak 2013/44 Utkast til høyring på Kulturutgreiinga 2014 og innspel til det neste kulturløftet**
- Styresak 2013/45 Møteplan hausten 2013**
- Styresak 2013/46 Gjennomgang av revidert handlingsplan for FolkOrg**
- Styresak 2013/47 Dispensasjon i junior samspel – Landsfestivalen**
- Styresak 2013/48 Eventuelt**

**Styresak 2013/39 Innkalling og sakliste**

Vedtak: Innkalling og sakliste vart godkjend.

**Styresak 2013/ 40 Presentasjon av det nye styret**

**Styresak 2013/41 Orienterings-, drøftings- og referatsaker**

- a) **Drifts- og økonomirapport** (oppdatert driftsrapport ligg ved)
- b) **Invitasjon til jubileumskonsert i Eiker spelemannslag**
- c) **Kort orientering frå Norsk Rockforbund**

Framlegg til vedtak: Styret tek orienterings- og referatsakene til orientering, med desse tilleggssopplysningane/merknadane:

B) Helene M. Bolstad reiser til jubileumskonsert i Eiker spelemannslag, men om det er fleire som vil reise er det fint.

C) Svein Bjørge frå Norsk Rockforbund orienterte om kva Norsk Rockforbund arbeider med. Dei er interesse- og kompetanseorganisasjon for konsertarrangørar, og er, trass i namnet, sjangeruavhengige. Dei har kring 275 medlemmer fordelt på mange sjangrar. Medlemmene varierer frå dei veldig små konsertarrangørane til dei heilt store. Dei arrangerte 59 eigenproduserte kurs i 2012, med over 2000 deltakarar. Alle medlemmer får eit gratis kurs i året, i tillegg kan dei tinge fleire. Dei gir kurs i ei rekke ulike tema, mellom anna booking, identitet, sikkerheit og økonomi. Dei driv og lobbyverksemd for konsertarrangørar. Dei har 3-4 store samlingar i året som er både faglege og sosiale møteplassar for medlemmane. Folkemusikkarrangørar kan melde seg inn om dei ønskjer.

### **Styresak 2013/42 Ny stønadsordning gjennom FolkOrg – framlegg til retningslinjer**

Vedtak: Styret vedtek disse retningslinjene for ny stønadsordning:

1. Stønadsordninga er retta mot særskilde tiltak som vil fremme rekruttering i lokallaga i FolkOrg.
2. Kven kan søkje: Lokal- og områdelag som er medlem i FolkOrg, eller andre som arbeider aktivt for rekruttering til laga.
3. Søknadsfristar: 15.mai og 15.november kvart år.
4. Søknadsskjema ligg på [www.folkemusikk.no](http://www.folkemusikk.no)

Ordninga trer i kraft frå hausten med kr 25 000 til fordeling. AU er avgjerdmynde for stønadsordninga. Søknadar som har kome før sommaren, vert handsama som før.

### **Styresak 2013/43 Søknad frå Strunkeveko og Mokurset**

Vedtak: Administrasjonen handsamar søknadene frå Mokurset og Strunkeveka ilag med andre innkomne søknader i vår/sommar, og fordeler etter mynde, samla totalt inntil kr 25.000,-

### **Styresak 2013/44 Utkast til høyring på Kulturutgreiinga 2014 og innspel til det neste kulturløftet**

Vedtak: Styret godkjenner utkastet som utgangspunkt for høyring på Kulturutgreiinga 2014 og innspel til det neste kulturløftet, med dei tillegga som kom frå Ellen Persvold på e-post og frå styret i møtet.

### **Styresak 2013/45 Møteplan hausten 2013**

Vedtak: Styremøta hausten 2013 vert sett til:

5.september

11.-12.desember - møtet vert truleg på Geilo, og administrasjonen vert invitert med.

Generelt: viktig at styremedlemmer, så sant det er mogleg, seier frå i god tid ved forfall slik at vi rekk å kalle inn varafolk.

## **Styresak 2013/46 Gjennomgang av revidert handlingsplan for FolkOrg**

Styret gjekk gjennom tiltaka i handlingsplanen som vart foreslått i tillegg på årsmøtet for å vere sikker på kva tolking vi skal ha av dei. Under er kommentert dei vi drøfta særskild:

*”Søke om å få kappleikar og folkemusikkinstrumentbyggerfaget inn på Unesco sine vernelister for immateriell kulturarv.”*

Det er eit omfattande dokumentasjonsarbeid som er naudsynt før ein sender inn søknad om å kome på Unesco sine vernelister. Når det gjeld folkemusikkinstrumentbyggerfaget, tolkar styret det slik at det gjeld hardingfele og langeleik i fyrste omgang.

*”Utarbeide ei samling av døme på gode samarbeidsmodellar mellom lokallag og kulturskolane.”*

Tips frå styret til administrasjonen: Gå ut til områdelaga og be dei kome med døme.

*”Auke innsatsen mot norsk presse i samband med Landskappleiken og Landsfestivalen og hjelpe lokal arrangør”*

Styret meiner FolkOrg bør ta eit større ansvar for den profesjonelle delen av pressearbeidet. Viktig at arrangementa våre er ein synleg del av festivalsommaren. Kanskje lage ei hugseliste for presse- og informasjonsarbeid. Kanskje vi kan sørgje for at lokal arrangør får kurs, t.d. av Norsk rockforbund.

*”Starte arbeidet med å utvikle pedagogiske rammepplanar for folkemusikk og folkedans i grunnskolen.”*

RFF har sagt seg viljug til å vere ein samarbeidspartnar her, og har allereie fleire slike planar/undervisningsopplegg. Administrasjonen kallar RFF inn til eit møte over sommaren.

*”Lage ein medieplan”*

Styret tolkar det som eit slags årshjul for mediearbeidet, med særskilt fokus på arrangementa våre. Det må gjerast på eit nivå vi har kapasitet til. Administrasjonen lagar eit utkast til kva ein slik plan bør innehalde, og om det trengs ekstern kompetanse for å utarbeide det. Utkastet vert lagt fram for styret. Førdefestivalen kan vere ein god samarbeidspartnar.

### **Styresak 2013/47 Dispensasjon i junior samspel – Landsfestivalen**

Vedtak:

*Styret i FolkOrg gjev for Landsfestivalen 2013 utøvarar i Junior Samspel dispensasjon til å delta med same instrument i to ulike grupperingar. Det er viktig at informasjonen kjem ut slik at fleire kan nytte høvet å melde seg på.*

### **Styresak 2013/48 Eventuelt**

Endring av årsmøteperiodar:

*Vedtak: Styret meiner at det er for ressurskrevjande å ha årsmøte kvart år, og ønskjer å gjere framlegg om årsmøte kvart andre år. I mellomåret kan vi samle miljøet til kurshelg. Styret byrjar arbeidet med å førebu vedtektsendringar knytt til det, fram mot neste årsmøte.*